



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
16/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	21/1011

SØKNAD OM STRAUMSTØTTE FRÅ VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Vedlegg:

Søknad om dekking av ekstraordinære straumutgifter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sin søknad om straumstøtte vert ikkje tatt til følge.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 19/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sin søknad om straumstøtte vert ikkje tatt til følge.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har motteke vedlagt brev frå Vaksdal kyrkjelege fellesråd, med søknad om straumstøtte. Dette som følgje av høge utgifter til straum i desember, og det er forventat at desse utgiftene vil vere høge også i starten av 2022. Desse auka utgiftene var ikkje tatt med i budsjettet for 2022.

Formelt grunnlag

Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)

Vurdering og konsekvensar

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har søkt Vaksdal kommune om økonomisk støtte for dei høge straumutgiftene i desember, og ei ordning der dei blir kompensert for høge utgifter i 2022. Dette ynskje kjem utover det som vart løyvd i budsjettet for desse åra. Sjå vedlagt søknad frå fellesrådet.

Dei fleste verksemder har opplevd høgare utgifter til straum denne vinteren, som ein følgje av at straumprisane har nådd historisk høge nivå. Dette har tært på både likviditet og resultat, og har gjort økonomien særst vanskeleg både for verksemder og privatpersonar. Utover våren 2022 kan det sjå ut som prisane har redusert seg noko, men det er for tidleg å seie noko om utviklinga vidare i året. KA (Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter) har oppfordra fellesråda til å snakke med kommunen og oppfordra kommuner til å gi straumstøtte til lokalkirkene.

Hushaldningane har fått ei støtteordning frå regjeringa til å dekke deler av den auka utgifta, men det er så langt ikkje kome ordningar som tydeleg rettar seg mot å støtte kyrkjelege fellesråd. Det vil komme ei ordning som hjelper frivillige lag og organisasjonar, men detaljane i denne ordning er i skrivande stund ikkje klar, kun at det vil komme ein ordning. Det er kome forslag frå politisk parti at denne ordninga også skulle inkludere kyrkjelege fellesråd, men så langt er det ikkje kome signaler om at fellesråda vil bli tatt med.

Kommunen har ikkje nokon ordning for straumstøtte til verksemder i kommunen og det er viktig at kommunen har ein felles haldning til dette spørsmålet til alle organisasjonar og næringar i Vaksdal kommune. Etersom kommunen ikkje har motteke noko midlar/tilskot til dette formålet vil eit eventuelt tilskot til nokon organisasjonar, utløyse ønskjer frå andre, og dette vil ikkje vere mogeleg å gjennomføre.

I trossamfunnlova §14 står det at kommunen skal gje tilskot til drift av kyrkjebygg, noko som allereie er gjort i budsjettet for 2022. Om dette er tilstrekkeleg vil vi sjå når rekneskapen vert gjort opp. Dersom det visar seg at det ikkje er mogeleg å halde budsjetttramma, som følgje av dei høge straumprisane, vil både kyrkja og kommunen, måtte ta stilling til dette i seinare løyvingar.